

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Kyrkjebø

Emne:

Bygdelag: Berge og Kyrkjebøstrond

Oppskr. av: Anders H. Berge.

Gard: Berge

(adresse): Nordeide

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Mjølk.

1. Etter skylddelinga i 1835 var alle gardsbruksoppsette med fast fødnad opp til 23 kyr + ungbeist.

I den tid måtte dei brukte mykje hjelpefor sosom skab og ris. Skulde dei ha brukt berre høy vilde det ha vorte svelteforing. Når det leid etter jol var det å gå på skogen og risa og skava åt mjølkekuerne. I denne tida var det vanlig å liggja på skogen med hesterne og køyra heim ris og skav og der det ikkje var råd å koma fram med hest måtte dei risa og skava der som skogen var oppvoksen å bera det heim. Dette var eit tungt arbeid for mannfolka på gardsbruks. Dette arbeid heldt dei på med til 1890. Sidan vart det slutt og dei tok til å forabeista betre slik at dei fekk meir mjølk av beista.

Sidan det nye hundreåret tok til vart det ein stor forandring. Kuerne gav dobbelt så mykje mjølk og det daglige bruk av mjølka vart mykje større. I 1885 tok dei til med kalsetjing av mjølka. Dei hadde ho opp i 40 - 50 liter blekspan og sette mjølka i kalt vatn med natta. På den måten vart fløiten tvinga fram, så dei fekk meir fløite enn av vanlig askesetnad. Kaffi var ikkje brukt i denne tid og bønderne brukte meir mjølk avdi fløiten før var utteken ved kalsetnad.

Her er brukt 3 gange så mykje mjølk sidan meieriet tok til i 1932 .

2. Ja ein drikk ofte mjølk utan å eta so me kaller for leskedrykk.

3. Saup var som vanlig brukt til suppe. Skyr bruker me mest til kalver og høns. Før lager ein vanlig vatsblanda av mjølka.

Øl.

4. Heimebryggja øl som kvardagsdrykk har aldri vore brukt her ,men spisel var daglig drykk. Som regel vart det laga tynnare øl til alle tider når ein bryggja.

Kaffi

5. i 1902 vart det vanlig å bruka kaffi i vår bygd.

6. Kvardagsdrykk vart det ikkje før i 1915.

7. Kaffi drikkein til frukost og ettermiddagskafi. Å ja, det hender fleire gonger og når ein er ute på reis kan ein ofte drikka 3-4 ganger kaffi for dagen. Borna drikk berre mjølk. Ja det hender at dei voksne liker mjølka betre enn kaffi.

8. Kaffien vert laga på ymse måter. Sume koker den på kaffikjel. Andre trekker den på kaffikanna. Det er beste måte tykkja me. Ein har aldri salt i kaffien. Kaffien må vera finmalen. Klåreskin og eggskal brukast ikkje ,men klår må den vera.

her er eindel som spår i grusen men det lukkast aldriig for dei å setja merkje etter seg.

9. Ja sukker vert brukt serlig av dei eldre. Dei unge bruker det aldriig. Ein kjøper sukker et ferdig laga. Brunsukker er ikkje å få . Det er raffinade og farin ein kjøper.

10 I det føre århundrad brukte dei eldre sirup i kaffi og mjølk.

- Blad two-

11. + Nei te vert ikkje brukha mykje. Det hender av og til at ein til kveldsmat bruker te istaden for mjølk.
til

12. Brennevin har aldri vore brukta anna framande når dei kom og helste på folk eller var kjenningar eller slektsfolk og så i selskap. Brennevin og øl var og er brukta i dugnadsgjestebod m. m.

13. Ein kjøper av og til vanlig Beierøl, landsøl, vørterøl, selters og brus og andre sorter øl til gjestebod, ellers er det vanlig å bryggja litt øl til gjestebod og til framande tilreisande personer.

5350

NORSK Etnologisk Granskning

Anders H. Berge